

**DETALJREGULERING FOR 199/7 M.FL.
HYTTEFELT GRUNNAVÅGEN NORD, HALSNØY,
KVINNHERAD KOMMUNE**

PlanID 20180005

- **PLANOMTALE**
- **ROS-ANALYSE**



J. TUFTELAND AS

Rådgivende Ingeniører og arkitekter

Postboks 131
5401 STORD

Ringvegen 31
Heiane

Tlf. 53 40 24 60
www.jtas.no

E-post jas@jas.no

INNHALD

Planomtale

ROS-analyse

Vedlegg:

1. Kopi av varselbrev og annonsetekst
2. Kopi av innkomne merknader
3. Sjekkliste
4. VA-plan.

PLANOMTALE

1.0 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.


Planarbeidet vart starta opp sommaren 2018, etter initiativ frå grunneigarane Irene og Geir Inge Sjo.

Bakgrunnen er at dei no ynskjer å skilja frå eksisterande utleigehytter til sjølveigande fritidsbustader, og i tillegg fortetta området med fleire fritidsbustader.

2.0 PLANOMRÅDET.

2.1 Lokalisering.

Planområdet ligg ved Grunnvågen på Halsnøy, ca. 5 km sør for Sæbøvik langs Fv 5052.



2.2 Areal.

Planområdet utgjør i alt ca. 30,5 da.

2.3 Eigedomstilhøve.

Innan planområdet er det fylgjande eigedommar:

Gnr.	Bnr.	Namn	Adresse
199	2	Lilly Irene Koløy Sjø	Halsnøyvegen 1, 5454 SÆBØVIK
199	4	Hilde M Lande Lie	Halsnøyvegen 33, 5454 SÆBØVIK
199	7	Lilly Irene Koløy Sjø	Halsnøyvegen 1, 5454 SÆBØVIK
199	76	Statens Vegvesen	Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
199	85	Aslaug B Rosten	Ullensvangvegen 1055, 5781 LOFTHUS
199	96	Wenche Sjø Koløy	Eidsvikvegen 1, 5455 HALSNØY KLOSTER
199	96	Andreas J Koløy	Eidsvikvegen 1, 5455 HALSNØY KLOSTER

2.4 Landskapsvurdering.



Området skrånar mot vest ned mot sjøen, på begge sider av fylkesvegen.

På vestsida av fylkesvegen er ein markert åsrygg, som skrånar ned mot sjøen mot sør, vest og nord.

Arealet er tilvaks med barskog, med unntak av ei grasslette i sørvest.

På 199/2 er det eit granfelt nærast fylkesvegen.

Området er solrikt, med god utsikt mot Klosterfjorden.

2.5 Strandsone.

Området har ca. 120 m strandlinje.

I sør er det ei strand og molo.

I området mellom dei to delene av planområdet er det bratte fjellknausar.

Mot vest på 199/2 er opparbeidd molo og småbåthamn. Hamneområdet er privat.



Biletet viser småbåthamna, med nedsprenget lagerareal på land.

Vidare mot nord er utløpet av Blåelva, som renn langs grensa til planområdet mot nord.

2.6 Naturmangfald.

I Artsdatabanken er det ikkje registrert trua artar i eller nær planområdet.

Sør for planområdet er det registrert Grønnspekk som LC – Livskraftig.

I Naturbasen frå Miljødirektorat er det ingen registreringar innan planområdet.

Høgare parti aust for planområdet er merka som friluftsområde.

2.7 Friluftsanser.

Friluftsanserene i planområdet er i all hovudsak knytt til dei som har og leiger hytter innan planområdet.

Men det er store urørde naturområde i tilgrensande areal, som har verdi som friluftsområde for ålmenta.

2.8 Eksisterande bygningar.

Innan området er følgjande bygningar:

- 6 utleiehytter.
- 3 fritidsbustader.
- Diverse uthus.
- 1 naust under bygging.



2.9 Kulturminne og kulturmiljø.

Det er ingen kjende fornminne eller kulturminne innan planområdet.

Sjå merknad frå Hordaland Fylkeskommune / Bergens Sjøfartsmuseum.

2.10 Trafikktilhøve.

Området har godkjende avkjørsler frå Fv5052.


Det er 80 km/t fartsgrense på fylkesvegen. Her er ikkje opparbeidd fortau.

Det er lite biltrafikk på fylkesvegen, < 500 ÅDT.

3.0 PLANSTATUS.

3.1 Kommuneplan.

I gjeldande kommuneplan er området vist som fritidsbustader, naust, lager og småbåtanlegg, med krav til reguleringsplan.



3.2 Gjeldande reguleringsplanar.

Området er ikkje tidlegare regulert.

Tilgrensande areal mot sør er gjeldande reguleringsplan Grunnvågen, regulert til fritidsbustader,

3.3 Planprosess for ny reguleringsplan.

Planinitiativ utarbeidd av J. Tufteland AS vart sendt til Kvinnherad kommune 31.08.18.

Oppstartmøte med Kvinnherad kommune vart halde 18.11.18.

Kommunen oppmoda då tiltakshavar å invitera grunneigarane av 199/4 og 199/6 til å delta i reguleringsplanen. Dette er gjort med skriftleg melding, utan at naboane har vist interesse for dette.

Seinare har Kvinnherad kommune sendt brev til naboane og oppmoda til samarbeid, men utan å lukkast i dette.

Prinsippøknad om oppstart av planarbeid vart sendt frå J. Tufteland AS til Kvinnherad kommune 15.01.19.

Kvinnherad Forvaltningskomite godkjende søknaden 20.03.19, sak 2019/32.

Melding om oppstart av planarbeid vart sendt til naboar og høyringsinstansar 30.04.19.

3.4 Merknader til oppstartmelding.

Innan merknadsfristen har vi motteke i alt 7 merknader, sjå vedlagde kopier:

1. Fylkesmannen i Vestland.

Fylkesmannen meiner at fritidsbustader ikkje høyrer naturleg heime i strandsona, og viser til byggegrensas i kommuneplanen.

Han etterlyser også referat frå oppstartmøtet med kommunen.

Fylkesmannen viser elles til kommunal- og moderniseringsdepartementet sine nettsider.

Kommentar:

Det er ikkje foreslått nye fritidsbustader i strandsona.

2. Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga.

Fylkeskommunen etterlyser planinitiativ og referat frå oppstartmøtet.

Dei tilrår å leggje særskilt vekt på tilpassing til landskap, terreng og eksisterande busetnad samt omsyn til friluftsliv, strandsona og ålmenta (særskilt barn og unge) sine interesser.

Vidare krev dei at alle tiltak sikrar ålmenn tilgang til strandsona.

Dei har også innspel om klimaendringar og miljøvenlege energiløysingar.

Fylkeskonservatoren har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i det aktuelle planområdet.

Kommentar:

Merknadene er fylgt opp i plandokumenta.

3. Statens Vegvesen.

Dei viser til at siktsoner i kryss og avkjørsler mot Fv62 må visast i plankartet og ha tilhøyrande føresegner.

Dei krev at byggegrensa mot fylkesvegen skal vera 30 m.

Elles minner dei om at det ikkje er tilrådd med fritidsbustader i gul støysone, kfr. Vedlagt støykart.

Kommentar:

Frisiktsonen er lagt inn i plankart og føresegner.

Vegvesenet har tidlegare gitt løyve til bygging av fritidsbustad på 199/7 i avstand 15 m frå Fv62, og vi går ut frå at dette vil gjelda også for reguleringsplanen.

Støysonen er lagt inn i plankartet, og ingen bygningar er planlagt her.

4. Norges Vassdrags – og energirektorat (NVE).

NVE skriv m.a.:

«Planen grensar til Blåelva og i arbeidet med Risiko og såbarhetsanalysen (ROS) skal både flaum og erosjon vera relevante tema.... For alle vassdrag med nedslagsfelt mindre enn 100 km² må ein rekne med 20 % auka flaumvassføring i løpet av dei neste 50 – 100 år»

Dei viser også til høgspintlina som går over området.

Kommentar:

I føresegnene er det sett krav til min. byggehøgder for å unngå flaumfare.

Det er buffersone (byggegrense) mellom vassdraget og nye fritidsbustader.

Det er ikkje planlagt tiltak i vassdraget.

Høgspintlina er regulert med omsynssone.

5. Fiskarlaget Vest.

Fiskarlaget viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gytefelt, område for passiv – og aktiv reiskap utanfor reguleringsområdet.

Det vert også vert fiska i uregistrerte område.

I tillegg krev dei at fortøyningar for flytebrygge må vera innfor reguleringsområdet.

Kommentar:

Merknaden er tatt til fylgje.

Planen er ikkje i konflikt med fiskeriinteressene.

6. Lars Edvard Landa, grunneigar av 199/10.

Han legg ved dokumentasjon som viser at 199/10 har vegrett over 199/7.

Kommentar:

Tiltakshavaren er klar over dette, og har ikkje innvendingar mot at eigaren av 199/10 nyttar denne vegretten.

3.5 Merknader etter offentlig ettersyn.

Innan fristen har vi motteke i alt 9 merknader:

1. Fylkesmannen i Vestland.

Han meiner 9 m byggehøgde i BFF2 og BFF3 er for høgt. Konsekvenser for landskap må vurderast nærare.

Vidare at fritidsbustad i BFF8 bør takast ut av planen.

Han rår frå nye naust i BUN1 og BUN2, fordi dette er i strid med kommuneplanen.

Kommentar:

Byggehøgden er redusert frå 9 m til 6,5 m.

Fritidsbustadene vil då ikkje ha negative konsekvenser for landskapet.

Her er romslege tomter, så mykje av naturen blir bevart.

BFF8 er teken ut av planen.

Vi ber om at fellesnaust i BUN1 og BUN2 blir godkjent, då dette vil heva kvaliteten på småbåtanlegget. BUN2 er eksisterande bygg.

2. Vestland Fylkeskommune.

Fylkeskommunen meiner at BFF8 bør takast ut av planen.

Vidare at byggehøgde på 9 m er for høgt, og at denne blir redusert til 6,5 m.

Infrastruktur og veg:

Her viser dei til krav i handbøker for avkjørsler.

Avkjørsla mot nord må utformast med 90 graders vinkel.

Den interne avkjørsla SV6 må flyttast lenger mot vest.

Annan veggrunn må vera min. 2 m.

Byggegrense mot fylkesvegen skal setjast til 25 m.

Det manglar parkeringsplassar for nausta.

Kommentar:

For innleiande marknader viser vi til kommentarar ovanfor.

Det er ikkje parkeringsplassar ved nausta, fordi desse skal nyttast av hytteeigarane i området.

For infrastruktur og veg er marknadene elles tekne til fylgje, i revidert plankart og føresegner.

3. Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE).

NVE ber om at det blir tatt tilstrekkeleg omsyn til flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg i planen.

Dei viser også til generelle retningsliner.

Kommentar:

Det er ingen skredfare i området.

Nye bygningar skal setjast på min. kote + 2,0 m.

4. Statens Vegvesen.

Vegvesenet meiner føresegnene er mangelfulle når det gjeld krav til avkjørsler.

Elles at siktsonene i avkjørslene skal vera min. 4x105 m.

Dei har tidlegare sett fram krav om byggegrense mot fylkesvegen skal vera 30 m

Kommentar:

Detaljkrav til avkjørsler er teke inn i føresegnene.

Siktsonene er retta opp.

Byggegrensa mot fylkesvegen er sett til 25 m, i samsvar me tilråding frå fylkeskommunen.

5. Fiskeridirektoratet.

I sjøen utanfor planområdet er det registrert fiskeplassar for aktivt og passivt reiskap.

Her er også registrert gytefelt for torsk.

Avløpsrøyr må leggjast på ein slik måte at dei ikkje heftar fiskereiskap.

Kommentar:

Planen er ikkje i konflikt med fiskeriinteressene.

Røyr i sjøen skal leggjast slik at dei ikkje heftar fiskerireiskap.

6. Fiskarlaget Vest.

Fiskarlaget viser til samme registreringane som Fiskeridirektoratet.

Dei ber om det blir lagt til rette for miljøvenleg småbåthamn.

Kommentar:

Planen er ikkje i konflikt me fiskeriinteressene.

Det vil bli lagt til rette for miljøvenleg småbåthamn.

7. Omega Areal AS på vegne av Øybygg AS.

Dei viser til at Øybygg AS ikkje har fått varsel om planarbeidet, og heller ikkje blitt kontakta om samarbeid.

Dei har tidlegare kommentert byggesøknad for hytte på vestsida av vegen.

Dei hevdar at tiltakshavar bygger ut og privatiserer heile si strandline, noko som vil medføra meirbelastning på naboeigdommen.

Dei ber om felles løysing for veg, og at BFF8 og BFF3 vert tekne ut av planen.

Kommentar:

Dersom Øybygg ikkje er varsla, er dette beklageleg.

Felles vegløyising har vore vurdert, men vi kan ikkje sjå at dette er tenleg for bnr. 7.

Tiltakshavar byggjer ikkje ned heile strandlina i sør: Her er 15 m strandline regulert som friluftsområde på land og i sjø.

BFF8 er teken ut av planen.

BUN3 er i samsvar med kommuneplanen.

8. Advokat Siri Øvstebø på vegne av Hilde Margrethe Lande Lie, grunneigar av 199/4.

Ho stiller spørsmål ved om planen er i samsvar med kommuneplanen.

Vidare at fellesnaust og flytebrygge er vist nærare enn 4 m frå nabogrensa, og fritidsbustad BFF8 er plasser heilt i nabogrensa.

Det vert også stilt spørsmål om det vert tillete utbygging på andre eigedommar i området.

Kommentar:

Det er kjent at både kommunen og tiltakshavar ei rekke ganger har teke kontakt med Hilde Margrethe Lande Lie, og invitert til samarbeid. Fram til no har naboen ikkje svart på dette.

Det er såleis underleg at ho no kontaktar advokat for å stoppa reguleringsplanen.

Til merknadene viser vi til at alle høyringsinstansane har slått fast vurdert at reguleringsplanen stort sett er i samsvar me kommuneplanen.

Elles er BFF8 teken ut av planen.

9. Wenche og Andreas Koløy, grunneigar av 199/96.

Dei viser først til eit hefte som seier eigar av gnr. 199 bn. 2 ikkje har rett til å føra opp bygg framfor 199/96. Vidare om ein ynskjer fjerna dette heftet.

Dei meiner at mur eller gjerde kan setjast i grensa.

Dei ynskjer ikkje massedepot framfor deira eigedom.

Utnyttingsgrad må aukast frå 150 til 200m² BYA og 100 til 150 m² BYA.

Det må ikkje setjast arealgrense for altan.

Fellesnaust må godkjennast av 199/96.

Dei spør om bod/garasje kan setjast i nabogrense.

Det bør lagast vedlikehaldsavtale for vegar.

Kommentar:

Heftet er ein privatrettsleg avtale, som ikkje vedrører planen.

Planen er ikkje i strid med heftet.

Mur og gjerde kan setjast i grensa på deira eigedom, då grensa er ca. 1,5 m frå vegkanten.

Utnyttingsgrad som er sett, er i samsvar med kommuneplanen. Tiltakshavar ynskjer ikkje å endra dette.

Arealgrense for altan er teken ut av føresegnene. Blir avgjort ved byggesøknadene.

Bod kan setjast opp i nabogrense. Garasje er ikkje tillete.

Det vil bli utarbeidd vedlikehaldsavtale for vegar.

Vi viser elles til vedlagt e-post motteken 01.07.20.

Etter dette vart plankart, planomtale og reguleringsføresegner retta opp, og sendt på ny høyring.

Det kom då inn 3 merknader:

1. Statsforvalteren i Vestland.

Han godtek no fellesnaust i BUN1 og BUN2.

Han understrekar elles at det ikkje kan byggjast meir enn eitt naust i BUN3.

Kommentar:

Det skal ikkje byggjast fleire naust i BUN3 enn det eine som er under bygging, sjå føresegnene.


2. Statens Vegvesen.

Dei har ingen merknader til det reviderte planforslaget.

3. Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Har ingen merknader til planframlegget.

PLANFORSLAGET.



4.1 Forslagsstillar.

Irene og Geir Inge Sjo, grunneigar av 199/2 og 7.

4.2 Plangrenser.

Plangrensene fylgjer eigedomsgrensene for 199/2 og 199/7, med tillegg av fylkesvegen gjennom området.

I sjøen fylgjer plangrensene avgrensing av byggeområde i kommuneplanen.


4.3 Planstatus.

Reguleringsplanen er utforma som detaljregulering, i samsvar med § 12-3 i Plan- og bygningslova.

4.4 Arealbruk.

Arealtabell	
§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg	Areal (daa)
1121 - Fritidsbusefnad-frittliggjande (9)	15.58
1587 - Småbåtanlegg i sjø og vassdrag (3)	0.73
1589 - Uthus/naust/badehus (3)	0.87
Sum areal denne kategori:	17,19
§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
2010 - Veg (11)	3.34
2019 - Annan veggrunn - grøntareal (10)	2.03
2041 - Kai	0.72
2044 - Molo	0.35
Sum areal denne kategori:	6,44
§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftsmål og reindrift	Areal (daa)
5130 - Friluftsmål (7)	6.65
Sum areal denne kategori:	6,65
§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone	Areal (daa)
6770 - Badeområde	0.25
Sum areal denne kategori:	0,25
Totalt alle kategorier:	30,53

4.5 Illustrasjonsplan.



4.6 Fritidsbustader.

Planen viser 9 stk eksisterande fritidsbustader og 10 nye fritidsbustader. Nye fritidsbustader er foretting ev eksisterande utbygde område. Her har kommunen tidlegare godkjent ein ny fritidsbustad.

4.7 Naust / uthus (BUN).

Planen viser 2 eksisterande fellesnaust (BUN2) og 1 nytt fellesnaust (BUN1) på 199/2, og 1 nytt naust (under bygging) på 199/7.

BUN1 – 2 er i kommuneplanen vist som hamn. Men det er naturleg å byggja fellesnaust i eit hamneområde.

Området er alt nedsprenget og privatisert.



Nytt bygg på BUN1 vil liggja inntil fjellskjeringa, og såleis dempa verknaden av denne. Bygget vil bli oppført i tradisjonell nauststil, og med det heva den estetiske kvaliteten i området.

Fellesnaust på BUN1 vil bli innreia med boder på ca. 5 m² kvar. Bodene vil bli utleigd til hytteiegarane innan BFF1, BFF2, BFF3 og BFF7.

2 eksisterande fellesnaust på BUN2 vert nytta til boder for utleige til hytteiegarane i områda BFF4, BFF5 og BFF6. Det er ikkje planlagt meir bygging her.

Det er regulert byggegrense til sjøen, som fylgjer kommuneplanen.

4.8 Småbåtanlegg (BSB).

Eksisterande småbåtanlegg er regulert til småbåtanlegg. Areal i sjø er regulert til småbåtanlegg. Dette kan nyttast til ferdsel og fortøyning av småbåtar. Småbåtanlegget kan nyttast etter avtale med grunneigaren.

4.9 Offentleg veg.

Fylkesveg 62 er offentlig veg.

4.10 Interne vegar.

Traceane fylgjer i hovudsak eksisterande vegar.

Interne vegar skal vera private, felles vegar.

Eksisterande avkjørsler frå Fv62 skal nyttast.

Planen viser frisiktsoner i avkjørslene mot Fv62.

Kryss med Fv62 skal tilfredsstilla krav frå Statens Vegvesen.

Vegsystemet vil vera open for ålmenta, som gangvegar.

4.11 Annan veggrunn.

Annan veggrunn – grøntanlegg kan nyttast til grøfter og snøopplag.

4.12 Parkering.

Fritidsbustadene vil få parkering inne på tomtene.

2 parkeringsplasser pr. fritidsbustad.

Parkeringsplassane skal vera private, felles trafikkområde.

4.13 Kai.

Arealet gjeld eksisterande kai.

Kaien er privat, men er tilgjengeleg for ålmenta som gangareal.

4.14 Molo.

Området er eksisterande molo.

4.15 Friluftsområde.

Terrenginngrep i friluftsområde er ikkje tillete.

Områda er opne for ålmenta.

4.16 Badeområde.

På 199/7 er ei mindre badestrand, som heng saman med strand på naboeigedommen mot vest.

Badeområdet vil vera tilgjengeleg for ålmenta.

4.17 Landskap og estetikk.

Eksisterande bygningar er godt tilpassa landskapet.

Nye bygningar vil liggja lågt i terrenget, og tilpassast omgjevnadene.

Åsryggen på 199/2 er relativt flat, slik at nye fritidsbustader ikkje vil sterkt eksponert.

I planen er det lagt inn byggegrenser mot sjøen.

4.18 Strandsone.

Det er ca. 120 m strandsone innan planområdet

Store deler av strandsona er utbygt.

Den nye planen medfører utbygging av 1 nytt fellesnaust i strandsona.

Elles vert det ingen nye inngrep.

Byggegrense mot sjøen er vist i plankartet. Denne er i samsvar med kommuneplanen. Friluftsområde / badeområdet langs sjøen vil vera tilgjengeleg for ålmenta.

4.19 Landbruk.

Reguleringsplanen medfører utbygging av eksisterande skogsareal.

Dette inngrepet er tidlegare vurdert i samband med kommuneplanen.

Vegrett for skogsveg til naboeigedom 199/10 vert oppretthalden.

4.20 Barn og unge sine interesser.

Fritidsbustader, naust og småbåtanlegg, er positivt for barn og unge.

Her er ingen leikeplassar, men regulert friluftsområde kan nyttast leik og uteaktivitetar.

Eksisterande badestrand kan nyttast av alle.

Båtliv og fiske er attraktivt for born og unge.

4.21 Miljø, forureining, radon.

Auka biltrafikk kan medføra auka luftforureining i området, avhengig av biltypar.

Nye fritidsbustader blir bygt med radonsperre iflg. TEK17.

Avløp til sjøen blir reinsa via godkjende slamavskiljarar og ført til utslepp på djupt vatn.

Utsleppet skal godkjennast av Kvinnherad kommune.

4.22 Skredfare.

Det er ingen skredfare i området.

4.23 Støy.

Gul støysone langs Fv62 er lagt inn i plankart og føresegner.

Det blir ingen nye bygg i dette området.

Interne vegar utgjær ingen støyfare, då her er liten fart (<30 km/t) og lite trafikk (<500ÅDT).

4.24 Universell utforming.

For fritidsbustader gjeld ikkje krav om universell utforming.

4.25 Folkehelse.

Området blir lagt til rette for friluftsliv og rekreasjon, noko som er positivt for folkehelsa.

Tilgjenge til sjø er positivt for alle.

4.26 Kulturminne.

Det er ikkje registrert verneverdige kulturminne i området.

4.27 Tekniske anlegg.

Sjå vedlagt VA-plan.

Vassforsyninga vil bli tilknytt eksisterande borehol/pumpehus like aust for planområdet.

Det vil bli søkt utsleppsløyve for kloakk for nye fritidsbustader.

VA-anlegget vil vera privat.

Området er tilknytt Fjelberg Kraftlag sitt straumnett. Høgspenline går gjennom området.8

4.27 Renovasjon.

Avfall blir levert i containerar for hytter renovasjon.

4.28 Økonomiske konsekvenser for kommunen.

Vegar, vassforsyning og avløpsanlegg vil vera private, og medfører såleis ingen driftskostnader for kommunen.

4.29 Eigedomsinngrep.

Frisiktsona ved Fv10 medfører bandlegging av mindre deler av naboeigedommen 199/4.

5.0 VERKNADER AV PLANEN.

Planen medfører ei fortetting med 10 nye fritidsbustader og eitt nytt fellesnaust.

Elles er det regulert vegar til nye fritidsbustader.

Bygging av nye fritidsbustader med fører nedbygging av naturområde og produktiv skog.

Utbygging av nytt naust og fellesnaust medfører auka privatisering av strandsona.

Men dette området er alt privatisert og utbygt.

Planen er ikkje i strid med fiskeriinteresser.

Planen krev ikkje avbøtande tiltak i høve til Naturmangfaldslova.

Frisiktsona ved Fv62 medfører bandlegging på privat eigedom.

Elles medfører ikkje planen eigedomsinngrep på annan manns grunn.

Vegar og VA-anlegg vil vera private, og planen medfører såleis ingen driftskostnader for kommunen.

RISIKO OG SÅRBARHETSANALYSE (ROS)

METODE FOR RISIKOVURDERING

I norsk standard NS 5814 blir risiko definert slik:

” Uttrykker den fare som uønskede hendelser/tilstander representerer for mennesker, miljø eller materielle verdier. Risikoen uttrykkes som sannsynligheten for, og konsekvenser av de uønskede hendelsene”.

Kriterium for sannsynlighet og konsekvens

Det er brukt samme kriterier for inndeling av uønskede hendelser i sannsynlighet og konsekvens som i den overordna ROS-analysen for Kvinnerad kommune. Intervall og kriterier er oppdaterte slik at de oppfyller kravene i teknisk forskrift (TEK 17).

Følgende inndelinger for **sannsynlighet** skal brukes:

Begrep	Intervall
Svært sannsynlig	Mer enn en hendelse hvert 20. år
Sannsynlig	Mindre enn en hendelse hvert 20. år, men mer enn en hendelse hvert 200. år
Noe sannsynlig	Mindre enn en hendelse hvert 200. år, men mer enn en hendelse hvert 1000. år
Lite sannsynlig	Mindre enn en hendelse hvert 1000. år, men mer enn en hendelse hvert 5000. år
Usannsynlig	Mindre enn en hendelse hvert 5000. år

Konsekvensene for liv og helse, miljø, økonomi og materielle verdier, drift, produksjon og tjenesteytelse, samfunnsviktige funksjoner og troverdighet/omdømme, er vurdert etter følgende begrep:

- Ubetydelig
- Enn viss fare
- Alvorlig/farlig
- Kritisk
- Katastrofal


Følgende inndelinger for **konsekvens** skal benyttes:

KONSEKVENNS	VEKT	MENNESKE	YTRE MILJØ (LUFT, JORD, VATN)	MATERIELLE VERDIER
KATASTROFALT	5	Mer enn 5 døde, eller 25 alvorlig skadet (KBP nivå 3)	Varig større skade på ytre miljø	Skadar for mer enn 50.000.000 kr
KRITISK	4	Inntil 5 døde, eller fare for inntil 25 alvorlig skadde personer. (KBP nivå 2)	Alvorlig skade av mindre omfang på ytre miljø, eller mindre alvorlig skade av stort omfang på ytre miljø	Skader mellom 5.000.000-50.000.000 kr
ALVORLIG	3	Inntil 10 alvorlige personskader, eller mange mindre personskader, men med sykefravær. Vesentlige helseplager og ubehag. (KBP nivå 2)	Store skader på ytre miljø, men som vil utbedres på sikt.	Skader mellom 500.000-5.000.000 kr

EN VISS FARE	2	Mindre skader som trenger medisinsk behandling, evt. Kortere sykefravær. (KBP iva 1)	Mindre skader på ytre miljø, men som naturen selv utbedrer på kort tid.	Skader mellom 50.000-500.000 kr
---------------------	---	--	---	---------------------------------

Akseptkriterier

Ved gjennomføring av ROS-analyse for nye utbyggingsområde skal det legges til grunn følgende akseptkriterier:




Tilhøve raude felt

Hendelser i rødt felt medfører uakseptabel risiko. Her må risikoreducerende tiltak gjennomføres. Ellers må det gjennomføres mer detaljert ROS-analyse for eventuelt å avkrefte risikonivået. For tiltak i røde felt **skal** det utarbeides ROS-analyse før tiltak kan godkjennes.



Tilhøve gule felt

For hendelser som ligger i gul sone må det gjennomføres tiltak for å redusere risikoen så mye som råd er. Det kan være naturlig også å legge en kost-nytteanalyse til grunn for vurdering av enda flere risikoreducerende tiltak. I gul sone skal kommunen kreve ROS-analyse.



Tilhøve grønne felt

I utgangspunktet er hendelser i grønn sone akseptabel risiko, men flere risikoreducerende tiltak av vesentlig karakter skal gjennomføres når det er mulig ut fra økonomiske og praktiske vurderinger. Om det skal gjennomføres ROS-analyser i grønne områder må vurderes i den enkelte regulerings- og/eller byggesak.

Dette betyr at som hovedregel er hendelser plassert i røde felt noe som medfører uakseptabel risiko, og at det må gjennomføres risikoreducerende tiltak av forebyggende og/eller skadebøtne karakter, slik at risikobildet kommer ned på akseptabelt nivå.

Risikomatrise:

Nr.	Tema	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko	Merknad / tiltak
Naturfarar					
1	Masseras/skred/skrentar/stup	2	2		Skjeringar må sikrast
2	Snø/isras				
3	Flaum/springflo	2	3		Bygningar over øverste springflo
4	Elveflom	2	2		Buffersone mot elva
5	Tidevassflaum				Sjå pkt. 3
6	Radongass	2	3		Tiltak iflg. byggeforskrifter
7	Vindutsette område	2	3		Tiltak iflg. byggeforskrifter
8	Nedbørutsette område	3	2		Etablering av tette flater medfører auka nedbørsavrenning
Menneske- og verksemdbaseerte farar					
9	Sårbar flora				
10	Sårbar fauna/fisk/vilt				

11	Verneområde				
12	Vassdragsområde	2	3		Ingen utslepp til elva
13	Fornminne				Ingen registreringar
14	Kulturminne/miljø				Ingen registreringar
15	Område for idrett/leik				
16	Park/rekreasjonsområde				
17	Friluftsområde	3	2		Friluftsområde blir redusert
	Infrastruktur				
18	Veg, bru, knutepunkt				
19	Hamn, kaianlegg				
20	Sjukhus/-heim, kyrkje				
21	Brann/sløkkevatn, politi	2	2		Utbygging krev sløkkevatn Ekstra vatn kan hentast frå sjø
22	Forsyning, kraft, vatn	3	2		Utbygging krev ekstra kapasitet
23	Tilfluktsrom				Ingen krav
	Forurensingskjelder				
24	Industri				
25	Bustad/fritid	3	2		Spillvatn blir reinsa før utslepp
26	Landbruk				
27	Akutt forureining				
28	Støv og støy industri				
29	Støv og støy trafikk	2	2		Utbygging medfører auka trafikk
31	Støy andre kjelder	2	2		Støy frå båtar
32	Forureining i sjø	2	3		Ingen utslepp frå båtar er tillete
33	Forureina grunn				
34	El. forsyning				
	Andre farlege / spesielle område / forhold				
35	Industriområde				
36	Høgspenline				
37	Risikofylt industri				
38	Avfallsbehandling	2	2		Blir levert i containerar for hytteavfall
39	Oljekatastrofeområde				
40	Spesielle forhold ved utbygging				
	Transport				
41	Ulykker med farleg gods	2	3		Kan førekomma på fylkesvegen
42	Vær/føre avgrensar tilgjenge til området				
43	Ulykker i avkjørsler	2	2		Avkjørsler må ha frisikt
44	Ulykker med gåande/syklende	2	2		Langs fylkesvegen
45	Andre ulykkespunkt	2	3		Båtulykker. Obligatorisk med flytevest i båt og på brygger.

Akseptkriterier:

Konsekvens: Sannsyn:	1. Ufarleg	2. Ein viss fare	3. Alvorleg	4. Kritisk	5. Katastrofalt
5. Særs sannsynleg					
4. Mykje sannsynleg					
3. Sannsynleg		8,17,22,25			
2. Mindre sannsynleg		1,4,21,29,31 38,43,44	3,6,7,12,32,45		
1. Lite sannsynleg					

Hendelser i rødt felt: Tiltak er naudsynt

Hendelser i gult felt: Tiltak må vurderast nærare.

Hendelser i grønt felt: Minimumstiltak bør gjennomførast

Avbøtande tiltak:

3	Flaum/springflo	Alle nye bygningar skal plasserast på min. Kote + 2,5 m.
5	Tidevassflum	Sjå pkt. 3.
6	Radongass	Radonsperre i samsvar med TEK17.
7	Vindutsette område	Konstruksjonardimensjonerast iflg. TEK17 og Norsk Standard / Eurocode.
8	Nedbørutsette område	Overvatn bli sett il terreng, med åpne vassvegar til sjøen.
12	Vassdragsområde	Ingen utslepp til elva.
17	Friluftsområde	Friluftsområdet blir redusert. Blir kompensert med nærliggjande friluftsområde.
22	Forsyning kraft, vatn straumnettet	Fjelberg Kraftlag har kapasitet på

i området.

Vassforsyning vert sikra med nye borehol.

25/32 Forureining i sjø

Spillvatn blir ført via slamavskiljar til godkjent utslepp i sjø.

41 Ulykker med farleg gods

Transport skal ha fylgjebil med Advarselskilt.

45 Båtulykker

Obligatorisk med flytevest i båt og på brygger.

Stord, 15.01.20

Rev., 20.10.20

Rev., 22.01.21

Rev., 02.03.21

J. TUFTELAND AS